



Austefjord og Bjørke bondelag

Vår referanse
25/3463 26/2847

Din referanse

Sakshandsamar
Liv Bente Viddal

Dato
06.03.2026

Høyring på lokal forskrift om utvida bandtvang på hund i Volda kommune

Samandrag:

Volda kommune sender ut høyring på lokal forskrift om utvida bandtvang på hund. Det vert føreslått **utvida bandtvang på inn- og utmark i perioden 21. august til og med 31. oktober, av omsyn til husdyr på beite, etter § 6 e i hundelova.**

Det kan også sendast innspel på om det er aktuelt å innføre utvida bandtvang etter dei andre underpunkta i § 6 i hundelova.

Frist for innspel til Volda kommune er **15. april 2026.**

Saksopplysningar:

Volda Sau og Geit har sendt brev til kommunen med ynskje om at det vert utvida bandtvang i heile Volda kommune fram til og med 31. oktober, av omsyn til beitedyr. Tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) har i sak OS 20/25 – orienteringssak om innføring av utvida bandtvang - kome med fylgjande bestilling til administrasjonen:

TFU ber om at det vert utarbeida ei lokal forskrift som vert lagt ut på høyring. Forskrifta bør vere lik som Ørsta kommune.

Utarbeiding av lokal forskrift må gjerast etter Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) §37 (om forskrifter), og Lov om hundehold (hundelova) § 6. Etter høyringsrunda vil det vere kommunestyret som evt. vedtek lokal forskrift om utvida bandtvang.

I hundelova § 6 Sikring av hund ved båndtvang m.m., står det:

I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjærfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo.

Kommunen kan gi forskrift om at hunder skal holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet

- a) i og i tilknytning til boligområder og handleområder,*
- b) i parker, på gravplasser, på og ved skoler, barnehager og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon,*
- c) på og ved bestemt/angitte turstier, turveier, merkede skiløyper, leir- og rasteplasser,*
- d) i bestemt angitte andre områder på land, i vann eller sjø som er allment benyttet som tur- og rekreasjonsområder,*

e) i hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute, eller

f) under ekstraordinære forhold som gjør båndtvang påkrevd for å beskytte viltet.

Båndtvang etter bokstav c og d kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning.

Ved fastsettelse av båndtvang etter bokstav e og f kan båndtvang bare innføres i de områder av kommunen hvor husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, eller hvor vilt man ønsker å beskytte har sitt leveområde.

Båndtvang fastsatt i medhold av bokstav f må opphøre straks forholdene tilsier det. Der beite, natur- og rekreasjonsområder berører flere kommuner, bør disse samordne sine forskrifter. Kommunens innføring av båndtvang etter bokstav f kan påklages til fylkesmannen.

Kommunen kan gi forskrift om at hunder ikke har adgang til barnehager, skolegårder eller gravplasser.

Hundelova gir ut over dette generelt aktsomhetskrav i §3, og reglar om sikring i §4. §9 gir unntak frå sikringsreglane, og bandtvang vil m.a. ikkje gjelde for dressert bufehund i bruk, ettersøkshund og hundar som vert brukt i lovleg jakt.

Døme på andre kommunar i fylket som har utvida bandtvang av omsyn til beitedyr:

Ørsta:	21. august t.o.m. 31. oktober
Stranda:	21. august t.o.m. 31. oktober
Sykkylven:	1. april t.o.m. 30. september
Tingvoll:	21. august t.o.m. 30. september
Sunndal:	21. august t.o.m. 30. september
Rauma:	21. august – 1. oktober

Vurdering:

Bakgrunnen for ynskje om utvida bandtvang er på grunn av omsyn til beitedyr, og ei slik lokal forskrift vil vere etter § 6 e i hundelova. Det vert difor sendt ut på høyring forslag om utvida bandtvang i beitesesongen for husdyr. Ein kan i høyringa også kome med innspel på om det kan vere aktuelt med utvida bandtvang etter dei andre underpunkta i § 6.

Volda har store utmarksressursar, og sommaren 2025 var det over 8000 sau og lam på beite i utmarka, i tillegg til 1800 storfè. Det er dyr på beite stort sett i heile kommunen, slik at det vil vere vanskeleg å avgrense bandtvangen geografisk til spesielle beiteområde. Kva område som vert brukt som beiteområde kan også variere mellom år. Det er difor føreslått at utvida bandtvang skal gjelde for heile kommunen på inn- og utmark.

Dei fleste kommunar som har utvida bandtvang, har det til 30. september, noko som er «normal» beitesesong i utmarka, men det er ikkje uvanleg at både sau og storfè kan gå ute det meste av oktober på innmark. Viss ein skal ha utvida bandtvang pga. omsyn til beitedyr, bør denne gjelde til minimum 30. september, men gjerne lenger. Nabokommunen Ørsta har utvida bandtvang til og med 31. oktober, og Volda kommune har valt å sende ut høyring på utvida bandtvang i same periode.

Konklusjon:

Volda kommune sender ut på høyring forslag om lokal forskrift om utvida bandtvang i perioden 21. august t.o.m. 31. oktober, gjeldande på inn- og utmark i heile kommunen, etter §6 pkt. e i hundelova.

I høyringsuttalene ynskjer vi innspel på dette, og på om det kan vere aktuelt å innføre utvida bandtvang etter dei andre underpunkta i §6.

Lenke til hundelova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-74>

Høyringsfrist er 15. april 2026.

Innspel kan sendast elektronisk til:

<https://www.volda.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/kontaktinformasjon/kontakt-oss/#fagsporsmal-8485>

Eller post til:

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Merk innspelet med saksnummer **25/3463**.

Med helsing

Liv Bente Viddal
leiar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.

Mottakar

Dalsfjord Sauebeitelag Sa Friluftsföreninga Volda	c/o Ola Steinsvik Treneset 1	6120	Folkestad
Hjartåbygda Beitelag Sa	Løviknesvegen 15	6106	Volda
Hjortedalen Beitelag	Hornindalsvegen 534	6763	Hornindal
Hornindal bonde- og småbrukarlag			
Hornindal bondelag			
Hornindal sau og geit			
Kalvatn Beitelag Sa	Månanesvegen 260	6110	Austefjorden
Lødemel Og Gausemel	v/Inger Marie Svingeset	6763	Hornindal
Beitelag Ba	Grendavegen 288		
Møre og Romsdal	Postboks 1353 Sentrum	6001	ÅLESUND
politidistrikt			
Naturvernforbundet I Ørsta Og Volda	c/o Torgeir Parr Dimmen Rognelida 5	6102	Volda
Norske Redningshunder	c/o Ina Roksvåg	6520	Frei
Møre Og Romsdal Distrikt	Nygårdsvegen 16A		
Norske Redningshunder	c/o Per Gunnar Engetrøen	6152	Ørsta
Ørsta Og Omegn Lag	Hagevegen 29		
Olaskåra Beitelag	Lødden 19	6763	Hornindal
Otterdal Beitelag	v/Reidar Lillestøl	6763	Hornindal
Skinvikdalen Beitelag Ba	Djuvik	6110	Austefjorden
Storfjorden Beitelag	c/o Andreas Reinhardt Mork Skjåstaddalen 301	6190	Bjørke
Sunnmøre Friluftsråd	Stettevegen 73	6260	Skodje

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

www.volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00
Org. nr: 939 760 946
Kontonr: 3991.07.81727

Mottakar

Kommunalt

Oppgåvefelleskap

Søraustsida Beitelag

c/o Johnny Ståle Seljeset
Seljesetvegen 186

6763

Hornindal

Volda Jeger Og

Sportsfiskarlag

Volda og Dalsfjord bondelag

Volda og Ørsta bonde- og
småbrukarlag

Volda Sau Og Geit

c/o Knut Sverre Dahl
Åmelfotdalen 159

6120

Folkestad

Ørsta Og Volda Hundeklubb

c/o Hildegunn Midtbø
Bondhus Åsegotene 161

6156

Ørsta

Vedlegg

Lokal forskrift om bandtvang, Volda